

# Tokagjelet

## GJELET SOM TILPASSA SEG HARDANGERFJORDEN

*Det er ein brå overgang mellom den breie dalen på Kvamskogen og det tronge TOKAGJELET.*

*Overgangen er ikkje mindre dramatisk når vi kjem ut av dei krokete tunnelane nedst i gjelet, og den opne Steinsdalen vidar seg ut. Gjelet både skil og bind saman to epokar i Vestlandets dannelseshistorie.*

**F**ør istidene var dalen frå Jonshøgdi og aust-øver mot byrjinga av Tokagjelet ein sidedal til «Hardangerdalen». I denne epoken rann elva roleg vidare i eit slakt og avrunda landskap til ho enda i den store «Hardangerelva», om lag der Aksnes no ligg, men mykje høgare i terrenget. «Hardangerelva» nådde ikkje havet før ho kom sør for Bømlo ein stad.

Då istidene sette inn, overtok breane gravearbeidet etter elvane. Med stor kraft tok isstraumane snart til å grava vidare i dalen som alt var danna av «Hardangerelva». Hardangerfjorden og mindre sidefjorvar vart etter kvart gravne ut, arbeidet skjedde frå kysten og innover i landet. Etter fleire istider nådde fjorden inn til Kvam i tidsrom då isen var vekke. I desse tidsromma fekk elva frå Kvamskogen det travelt. Det vart kort veg og stort fall ned til Steinsdalen, som då var ein fjordarm. Elvegravinga gjekk raskt og effektivt, Tokagjelet vart utforma.

Arbeidet er ikkje slutt: Enno grev elva i botnen av gjelet. Dette fører til bratte dal-sider og mykje skred i liene – endåtil vegen blir råka av skred frå tid til anna. Steinane som samlar seg i botnen av gjelet, blir arbeidsreiskapar i den vidare gravinga. Transporten av grovt materiale går føre seg i flaumperiodar – «hundreårsflaumen» er sjølvsagt meir effektiv enn ein vanleg vårflaum. Dei største steinane ligg i ro inntil dei deler seg til mindre steinar, som elva så kan ta med seg.

Gjelet går i sikksakk. Det kjem av at elva lettast grev langs svake soner i fjellet. Dei går anten langs lagdelinga i fyllitten (nord-aust-sørvest) eller langs sprekkar som går vinkelrett på lagdelinga (søraust-nordvest).



Fossen øvst i Tokagjelet. (Helge Sunde)




Tokagjelet – ein stor bergsprekk i eit gammalt landskap frå før istidene. (Masaoki Adachi)

Når elva grev langs lagdelinga, blir det danna ein asymmetrisk V-dal (teikninga til høgre), med nordvestsida som den brattaste sida. Tok i Tokagjelet tyder då òg «tak», som viser til dei bratte fjellsidene og overhenga. Slaksida følgjer lagdelinga i fjellet. Det er lettast å studera tilhøva i Tokagjelet frå gamlevegen på utsida av den nedste tunnelen (Snauhaugtunnelen).



Gamlevegen nedst i Tokagjelet. Neteland ligg nede til høgre.

Øvst i Tokagjelet kan vi sjå restar av den gamle dalbotnen frå før istidene eit stykke austover. Det er tydeleg at gjelet er ein «dal i dalen». Restar av den gamle elvedalen finn vi òg som dalhyller i Steinsdalen, som ved Rosseland ovanfor Steinsdalsfossen.



Inge Aarseth/Eva Bjørseth

### NATURKATASTROFEN SOM VART TIL TURISTATTRAKSJON

*Øvstbusfossen, eller STEINSDALSFOSSEN (bilete @478), som han blir kalla i dag, trekkjer til seg turistar i bopetal, og har gjort det så lenge det har vore turistar i Noreg, frå tidleg på 1800-talet. Ein foss ein kan gå tørrskodd under, er sjeldsynt, også for fossevante nordbuar. Fossen er av nyare dato. Tidlegare, fram til slutten av 1600-talet, rann vatnet vest-av for den noverande fossen, nærare Ullsnosberget. I 1699 «leid garden Øvstbus stor skade ved elvebrot» som det står i Ættarbok for Kvam. Det gamle elveløpet vart stengt, kanskje som eit resultat av store snømengder eller skred, og vatnet tok vegen utfor stupet.*

*Kvifor er det eit overheng nett her? Der fossen kastar seg utfor, er det ein hard og massiv grønstein (omdanna lava). Fjellet der stigen går, er derimot «rotafjell», med glimmerrik fyllitt. Den mjuke fyllitten har forvittra meir enn grønsteinen, slik at det har vorte eit overheng.*